

Tabell 2 Matomsorg

2.1 Pasientbehandling	
Hovudmål	
2.1.0	Pasientar skal få ein kost tilpassa individuelle behov og eit tilrettelagt matmiljø
Delmål	
2.1.1	Pasientane sine individuelle kostbehov (måltidsrytme, behov for spesialkost og nødvendig hjelp til å ete) skal verta kartlagt og sytt for
2.1.2	Måltidene skal vera servert på ein innbydande måte og porsjonen skal vera tilpassa den enkelte
2.1.3	Pasientane sine planar for dagen skal inkludera regelmessige måltid og hindra unødig lang nattfaste og unødig faste i samband med planlagde inngrep og behandling
2.1.4	Pasientane skal få ete i ro og fred i eit reint og trivelig måltidsmiljø
2.1.5	Postane skal ha rutinar for matservering og oppfølging i måltida med tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling
2.2 Opplæring av pasientar og pårørande	
Hovudmål	
2.2.0	Kost servert på sjukehuset, samt rammer for måltid og matmiljø skal ha ein positiv læringseffekt for pasientar og pårørande
Delmål	
2.2.1	Pasientar og pårørande skal få nødvendig opplæring og rettleiing til å kunne vareta eigen matomsorg (for eksempel hjelp til å ete, tilpassing av eteutstyr mm.)
2.2.2	Det skal vera tilgjengelig informasjon for pasientar og pårørande om viktigkeit av og praktisk informasjon om korleis vareta eiga matomsorg
2.2.3	Sjukehuset vil vurdera å bruka frivillige frå Frivilligkorpsset som selskap for pasientane under måltida
2.3 Utdanning og opplæring av personell	
Hovudmål	
2.3.0	Personell skal få opplæring i og ha kompetanse om korleis legge til rette for at pasientane får eit individuelt tilpassa kosthald i eit tilrettelagt matmiljø, og kunne rettleie om dette
Delmål	
2.3.1	Sjukehuset skal bidra med opplæring i utdanning av dei yrkesgruppene som skal jobbe med matomsorg
2.3.2	Sjukehuset skal gje konkrete innspel om behovet for kompetanse innan matomsorg til relevante grunn- og vidareutdanninger
2.3.3	Personell som jobbar med matomsorg skal ha dokumentert kompetanse via utdanning og/eller kompetanseplanar
2.3.4	Matomsorg skal vere regelmessig tema i sjukehuset, både i dagleg praksis, på avdelingsmøter, ernæringsfagdagar og i faglige fora
2.4 Forsking, utvikling og innovasjon	
Hovudmål	
2.4.0	Bidra aktivt til forsking, utvikling og innovasjon samt ta i bruk løysningar og rutinar som forenklar og forbetrar matomsorg
Delmål	
2.4.1	Sjukehuset skal vurdera innovasjon som alternativ framgangsmåte for å komme fram til løysingar for å kunne vareta pasientane sine behov